

Team Hardanger

Referat frå møte i Team Hardanger

Torsdag 15. mars 2018 kl 10.00 – 14:00 Stad: Handelslaget i Ulvik

Tilstades: Jan Tjosås, Natalia Golis, Lisbeth Bygstad Celik , Rannveig Børve, Kjersti Børve, Øyvind Stueland, Elisabeth Wesenlund Hauge, Trude Rinaldo og Jostein Eitrheim

Sigmund Vereide frå kl 1200

Forfall: Granvin herad, Jondal kommune,

1.Fellesprosjekt «Heile Hardanger – Heile året»

Prosjektgruppa hadde møte med Hfk 24. Januar 2018, der søknaden vart drøfta. Einige om at Hardanger skulle senda ein forprosjektsøknad.

På styremøte til Reisemål Hardanger Fjord (RHF) 8.3.2018 var det brei oppfatting om at dei vil kjøra reiselivsdelen sjølve, og viser til eige mandat til å driva utviklingsarbeid for reiselivet i Hardanger Det er veldig bra og godt nytt for prosjektet. Vil minna om at dette prosjektet er det Ordførarane i Hardanger som har bede Team Hardanger(TH) om å gå igang med. TH viser til at RHF heile tida har vore i tett dialog og hatt fleire møter med prosjektgruppa, som også har orientert styret i RHF om status i prosjektet. og oppfatta at det vart motteke .

TH må vera tydelege på at dette er eit samfunnsutviklingsprosjekt med reiseliv som fokusområdet, og ser det som veldig bra at RHF vil vera produktutviklar. Prosjektet Totalpakke reiseliv har oppstått fordi RHF ikkje har arbeida med dette. Odda har sendt ein utfordring til RHF og ber om at dei skal vera ein tydelegare aktør for booking og nettstad for heile Hardanger.

Forprosjektet skal finna ut korleis prosjektet skal arbeida vidare ilag med RHF og andre næringsaktørar, og korleis snakke og skrive dei inn i hovudprosjektet.

Veldig viktig at me ikkje hoppar av no, men fortset med dette store og viktige felles samfunnsprosjektet. Forankring vert den største oppgåva framover. RHF ønskjer ein felles reiselivsplan velkomen.

Me må arbeida for å få gjort vedtak i alle kommunane, og vårt mål er å ha dette som sak på aprilmøtet til Hardangerrådet.

Kan det vera fornuftig også å få forprosjektet forankra med vedtak i kommunestyra?

TH må varsle kommunestyra om at dei ønskjer dette skal takast opp som sak.

Den 03.04.2018 skal prosjektgruppa ha møte med RHF og Rådsordførar. Innovasjon Norge vert invitert med etter dette møtet. Dei er positive til å ta del i dette prosjektet. Så lagar me ein plan på kommunikasjon med TH med mål om behandling i Hardangerrådet 26.04.2018.

TH ser føre seg at Hardangerrådet er prosjekteigar, men viktigast er målet om ny regional reiselivsplan og heilårsturisme, ikkje korleis me kjem dit.

TH er fornøgd med ambisjonen til prosjektet men tida er ikkje realistisk.

Tidsramma kan endrast, det er viktig at me kjem godt igang,

Turistinformasjonen vert drifta ulikt i Hardangerkommunane:

- Innleigd på anbud i sesong
- Kommunalt AS,
- Tilsett av næringsforum

Dette er stillingar knytt tett på turistinformasjonsarbeid, og det er i liten grad rom hverken økonomisk eller tidsmessig for utvikling og fornying, inspirasjon og nettverk. Korleis kan me skapa handlingsrom for dei som sit på kunnskap og erfaring på dette området?

3. Innmeldte saker

Ingen saker

4. Ymse

Ingen saker

5. Runde rundt bordet. Nytt frå kvar kommune.

KVAM

- Konstituert rådmann i Kvam, Anita Hesthamar er innstilt til rådmann i Kvam herad.
- Det er ansett ny dagleg leiar i Hardangersmak: Kristine Håland
- Hardangerbadet er no vedteken, det vert byggestart 03.04.2018
- Heradstyret har avsett pengar til utvikling av Kvamskogen som er veldig viktig for Kvam, og blir viktigare inn i framtida.

ODDA

- Det er mykje arbeid med kommunesamanslåinga.
- Arbeider med etablering av Trolltunga AS.
- Næringsfond og vekst- og strategifond skal omorganiseras.
- Ny og viktig rundkjøring er igang. Coop skal bygga ny daglegvarebutikk på smelteverkstomta.
- Skyss skal ha ny kollektivterminal på smelteverkstomta. Det er mål om at også turistinformasjonen vert flytta dit.

NÆRINGSHAGEN I ODDA

- Det vert arrangert bransjemøter i Totalpakke reiseliv, etter ønskje frå næringa.
- Mandag 19.3 er det møte i totalpakke reiseliv. Mål om at bransjen møtest og får nettverk.
- Tysdag 20.3 er det SMB - kva skjer i dei store bedriftene
- Fredag 23.3 kjem Trygve Bolstad, del av fellesnemnda, som skal gjera ein jobb med næringsliv og reiseliv.
- Det kjem prosjektleiarkurs i norsk standard.
- Hardanger Hydrogen tek tid, men det er sterke krefter og vilje for å få det til.
- Dei har hatt møte med NSB om at Hardanger kan verta ein destinasjon for dei.
- Det er igang arbeid med innovative toalett, som kan brukast på fjellet og på rasteplassar.
- Har prata med Norseman og Eidfjord kommune om å laga eit tilsvarande arrangement lenger inn i fjorden.
- God del nye gründerar i regionen og stor aktivitet.
- Nasjonal turistveg prosjektet på Låtefoss vert no løfta fram igjen, det er det neste store prosjektet i Hardanger.
- Randsonemøte med Trolltunga nasjonalpark, fokus på at randsona skal verta brukt.

ULVIK

- No er det avklart at heradet kjøper « Holmen » frå Hfk. Det er spennande for det kan brukast som eit utviklingsprosjekt.

- Største nyheit er at det vert produksjonsskule på Hjeltnes, og det vert fagskule med lokal matproduksjon.
- Cittaslow vert brukt aktivt i kommunen, og Ulvik tek mål av seg å verta plastposefri. Driv med sertifisering og arrangement Arrangert av Cittaslowstyret og
- Som leiar i Team Hardanger har Natalia brukt mykje tid på fellessøknaden

EIDFJORD:

- North Connect er den store saka. Arbeidet vert viktig som arbeidsplass for kommunen.
Store prosjekt i kommunen genererer arbeidsplassar under bygging, når bygget er ferdig, vert det ikkje arbeidsplassar. Men den overskytande varmen kan brukast i nye prosjekt. Det er no tale om f. eks oppdrett på land; gartneri. Ikkje vedteke endå.
- 4.-5. juli er det opning på Nasjonale Turistveggar Vøringsfossen. Dei arbeider med Statens vegvesen om å ha blick nedover heile dalen i dette arrangementet. Arbeider også med å påverka Statens vegvesen til å rusta opp gamlevegen og rasteplassane nedover Måbødalen. I opningsarrangementet ønskjer dei å nytta lokalmat.
- Nasjonal Turistveg Hardangervidda har prosjekt ilag med NCE for å få produktutvikling langs veggen. Hallingdal har hekta seg på.
- Team Hardanger representant frå Eidfjord er også leiar i Hardanger kulturråd, og arbeider på vegne av Hardanger i eit regional nettverk for å utvikla og styrkja kultur i Hardanger. For å få midlar krev Hfk at Hardanger jobbar saman.
- Norsk Natursenter, tidlegare Hardangervidda Natursenter opnar 1.4. med ny utstilling.
- Bedrifter i Eidfjord er svært aktive og dei arbeider saman for å laga salgbare pakkar, og vender seg mot turistar med god økonomi. Gledeleg at dei aller fleste har vakna i forhold til å bruka lokalmat. Godt samarbeidsklima

ULLENSVANG

- Det vert arbeidd for at fleire skal dyrka Moreller i Hardanger.
- Etablerartenesta er det Næringshagen i Odda som utfører på veggen av heradet.
- Det er ikkje stort fokus på utvikling.

NÆRINGSHAGEN I HARDANGER

- Næringshagen i Hardanger har fått fem nye medlemsbedrifter.
- Hovedfokus i denne fasen er strategiarbeid med ca 10 målbedrifter, Hardangerbadet/Helse i Hardanger i tillegg arbeider vi med gründerskap og opprettar kurs: Gründerraketten i 3-4 fasar
- Deltek på Matarena sitt kompetanseprogram over tre år
- Delteke på Reiselivskonferanse med felles fokus for vestlandsregionen i Myrkdalen for Nordfjord, Sognefjorden, Voss og Hardanger
- Arbeider med to kulturnettverk
- Tilsatt dagleg leiar i Hardangersmak og presentert lokalmat på Innovasjonskonferansen på Voss og Hydrogenkonferansen i Odda
- NiH har gjennomført ei todagarssamling for alle næringshagane og inkubatorar i Hordaland og Sogn & Fjordane med Innovasjon Norge, Siva og Fylkeskommunen.
- Gjennomført innovasjonskonferanse i samarbeid med Voss Næringshage, der vår målbedrift Gjerde felemakeri fekk innovasjonspris
- Gjennomført medlemsmøte med 26 bedrifter representert på Bjølvefossen
- Kurs: Gjennomført basisstyrekurs og forbereder avansert styrekurs med leiar for Styreakademiet i Hordaland og Noreg, truckkurs, to servicekurs, gründerraketten samt klargjering til eit lenger leiarprogram frå hausten.

Møte med Næringsforeiningane i Hardanger. kl 1300

I tillegg til Team Hardanger møtte

Ullensvang Næringsforum v/ Kristine Hesthamar

Eidfjord Næringslag v/ Arnulf Indrebø

Ulvik Næringslag v/ Vibeke Korsnes

Kvam Næringsråd v/ Torleiv Ljones

Forfall: SMB Hardanger v/ Bernt Mikkelsen

Mandat for Team Hardanger

-Drøfting med næringsorganisasjonane som er invitert til møtet for å drøfta mandatet.

Bakgrunn for å møtast er spørsmålet om det er ønskeleg med ein regional møtestad for næringsorganisasjonar i Hardanger. Team Hardanger tilbyr ein slik møtestad, og dette er fyrste gong. Før diskusjonen var det ein gjennomgang av mandatet for Team Hardanger.

KVAM NÆRINGSRÅD:

Kvam Næreingsråd har tanke om ein felles nyheitportal for Hardanger.

Kvam bygger Hardangerbad og Nord-Europas lengste zipline.

Stor aktivitet i heradet.

ULVIK NÆRINGSLAG:

God kombinasjon å arbeida både med næring generelt og med reiseliv.

Arbeider med ulike typar stiar, feks. ny sti opp mot Mylna i Ulvik. Er på gang å samla gamle hus, som skal ligga langs denne stien.

ULLENSVANG NÆRINGSFORUM:

Arbeider med å vitalisera næringsforumet, og for god infrastruktur til heradet, som vegar og ferjer.

Medlemmane er veldig glad for ein samlings plass.

EIDFJORD NÆRINGSLAG:

Sommarturismen er stor og aukande. Utfordrande med sesong, må få heilårsarbeidsplassar. Er bekymra for at det ikkje er nok heilårsarbeidsplassar.

Oppsummering

Flott å få ein møteplass, 2 gonger i året er bra. Viktig med informasjon over kommunegrensene også for næring. Ein er ofte oppteken av eigen kommune, men kan vera godt å løfta blikket. Næringslaga har ulike mandat.

Anbefaling:

1. Nyttig at næringslaga vert invitert inn til ein møteplass. Dette er noko næringslaga ønskjer velkomen.
2. Dette er eit nettverk, send gjerne inn saker eller spørsmål på førehand av møter som TH kan ta opp i sine møter eller i fellesmøter.
3. Prosjekt med godt merka turar er veldig bra. Burde me ha ein turskiltsjef i Hardanger? Forslag til skiltprosjekt: Få lik skilting i Hardanger med Merkevarer Hardanger.
4. Me må utveksla kontaktinformasjon til alle

Ulvik 15.03.2018

Natalia Golis/s

Leiar

Trude L. Rinaldo

sekretær